


Gledingske
- glæde og tilhørighet for alle

Oslove <3

Mange små og store landsbyer der
menneskene på
skolen er kilden til tilhørighet for
barn og voksne?

Gledingsfete

- glede og tilhørighet for alle



Prosjekt Gleding på skuleplanen

Fløgstad skule har eit nytt prosjekt som heiter Gleding. Prosjektet har foregått i nokre veker og elevane er storfornøgde.

ODA BJØNNES HANSLIEN

Då Ryfylke besøkte Fløgstad skule på fredagen før vinterferien, hadde sjuande klasse nettopp overraska tredje klasse med dans og lovnad om kake og quiz. Dei siste vekene har elevane på skulen gleda kvarandre med forskjellige overraskingar.

– Det var veldig kjekt å sjå at dei i tredje klasse blei glade. Det kjekkaste med prosjektet har vore å gleda andre for då blir også eg glad, seier sjuendeklassingen Sumayo Ahmed Abdi.

Prosjektet Gleding handlar om å snakke fram det positive i staden for det negative.

– Me prater heller om gleding enn mobbing, seier rektor på Fløgstad skule, Ellen M. Tveit Tangeraa.

Auke motivasjon

Tveit Tangeraa var på leit etter eit prosjekt for å dyrke fellesskapsfølelsen på skulen, då ho fann Gleding. Ho bestilte inn «gledingskalender» som gir eit nytt tema for kvar månad, der målet er å bygge robuste barn.

– Me har nettopp starta prosjektet som skal vere intensivt over seks veker. Så skal me bruke det som ein overordna paraply for heile året.

Kvart år har alle skular i Norge trivselsundersøkingar der barn svarer på blant anna kor mykje dei får vere med å bestemme i eiga læring.

– Me skåra dårleg på motivasjon og elevinnvirkning, så me har ein baktanke med prosjektet. Det er å motivere elevane til å vere meir aktive. Me har sett ein effekt alt no, men håpar på sikt at dette vil gi ein større effekt for oss, seier Tveit Tangeraa.

Elevane i femte klasse kunne fortelle at dei hadde vore meir aktive i prosjektperioden enn før.

– Me fekk bestemme kven me skulle glede og kva me ville glede dei med, seier Adrian Dolmen Andersen.

Eit prosjekt om følelsar

Nettsidene til Gleding seier at prosjektet vil formidle kompetanse som handlar om å forstå seg sjølv og andre betre. På Fløgstad skule har elevane jobba

masse med forskjellige følelsar.

– Me har sett filmar om følelsar. Me har også skrive bok om følelsar og kva fargar dei forskjellige følelsane har og korleis me har det når me følte den følelsen, seier Lykke Emilie Aartun.

Nuur Ahmed Abdi kunne fortelle at dei hadde laga songar i eit dataprogram og så måtte

dei andre i klassen gjette kva for ein følelse songen handla om. Elevane på skulen har også bakt til kvarandre for å gi glede. Adrian Dolmen Andersen seier at dei også har vore borte hos Sauda vidaregåande skule med bolles.

– Elevane på vidaregåande blei veldig glade, så då blei me glade også.

Gleding utover landegrensar
Elevane på Fløgstad skule gleder ikkje bare kvarandre, dei har også ei pengeinnsamling som skal gå til Etiopia. Dei samarbeider med familien Thingbø som er nede i Etiopia, sånn at dei slepp mellomledd og er sikre på at pengane elevane samlar inn går til dei rette formåla. For å samla inn

pengar, panter elevar flasker og tar med seg pengene til skulen.

– Me har panta flasker og fått nesten tusen kroner i min klasse, seier Håkon Lunde, som går i tredje klasse.

Innsamlinga skal gå til å bygge ein stad der elevane på ein skule i Etiopia skal kunne ete lunsj. Elevane fortel at sidan

gledingsplakatlar som heng rundt

dei blir så varmt i lunsjtida går elevane på skulen i Etiopia heim og et lunsj og at fleire av dei ikkje kjem tilbake til skulen igjen etter lunsj.

– Me skal samle inn pengar fram til påske, så dersom det er nokon som ønsker å bidra så tar me gjerne i mot det, seier rektor Ellen M. Tveit Tangeraa.



Mina Vindedal Hansen, Solveig Faldahl og Tuva Wiik Hagen (5. klasse) var og ga hjarter til forskjellige butikkar i sentrum på fredag. Her får Linn Adelsten Handeland på Vainara ein gleding.



Håkon Lunde, Eira Solbrekk Klungtveit (begge 3. klasse), Angelina Espeland og Sumayo Ahmed Abdi (7. klasse) er fornøgde med prosjektet så langt. Det beste har vore å gleda andre.



Elevane i andre klasse har laga super-heltar me gleding som superkra

5 vitaminer for helse og livskvalitet

1. Knytt bånd og ivareta relasjonene dine.
2. Fysisk aktivitet.
3. Tilstedeværelse.
4. Å lære noe nytt - .
5. Å gi og bidra.

1. Del de gode historiene om hjelpsomhet, vennlighet og tålmodighet – det smitter
2. Få en pause fra frykt og håpløshet – ta en av vitaminene
3. Finn en aller annen vidunderlig ting i hver eneste dag – del det videre

gledingskole

- glede og tilhørighet for alle

WWW.GLEDING.NO

WWW.GLEDINGSKOLE.NO

SIRI@GLEDING.NO

TLF: 900 12 090